



Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

02/3214-9

15937/06 OMT

Arkivkode

V11

Stad/Dato

Varhaug, 17.08.06

ENDRING AV FORSKRIFT OM KVOTEORDNINGEN FOR MELK

Det vert synt til høyringsnotat i samband med endring i forskrift om kvoteordninga for mjølk. Hå kommune har nokre merknader til framlegget til endringar.

Til § 9 Vilkår for beregning av samdriftskvote

I siste ledd av denne paragrafen står det at "Dersom det ikke igangsettes normal helårsproduksjon fra samdriften innen tre måneder etter at Statens landbruksforvaltning har godkjent den, faller tillatelsen bort." Vi går ut frå at det her er meint godkjent tidspunkt for oppstarting av samdrifta. Men utfrå teksten kan det tolkast som det er meint behandlingstidspunktet. Teksten er noko uklar på dette punktet. Det er ofte slik at samdrifter vert etablert i samband med bygging av ny driftsbygning og at det vert søkt om Bu-finansiering til utbygginga. I slike tilfelle vil det gå fleire månader før ei samdrift er godkjent til den kan starte opp. Tidsfristen på 3 månader frå godkjenning av samdrifta vil då ikkje vere tilstrekkeleg. Ordlyden bør derfor endrast til "godkjent tidspunkt for oppstarting", slik at siste ledd av paragrafen får fylgjande ordlyd: "Dersom det ikke igangsettes normal helårsproduksjon fra samdriften innen tre måneder etter godkjent tidspunkt for oppstarting, faller tillatelsen bort."

Til § 10 Vilkår for beregning av felles kvote for ektefeller eller samboere

Same merknad som til siste ledd i § 9.

Til § 33 Klagenemnda for kvoteordningen

Det står i denne saka at det er Klagenemnda som fastset forretningsordninga for måten nemnda arbeider på. Det er Statens landbruksforvaltning som er sekretær og saksbehandlar for Klagenemnda. Hå kommune meiner at dette er uheldig ettersom Statens landbruksforvaltning tidlegare har behandla søknadane og fatta vedtak i første instans. Det bør i staden vere eit uavhengig sekretæriat for Klagenemnda for å sikre ei forsvarleg klagebehandling. Dagens praksis svekker interessene til søkjarane. Eit alternativ vil vere at Landbruks- og matdepartementet, som overordna organ til Slf, er klageorgan for slike saker.

Med helsing
HÅ KOMMUNE

Lars Kolnes
rådmann

Olav Magne Tonstad
jordbrukssjef

Postadresse:

Postboks 24
4368 VARHAUG

Kontoradresse:

Rådhusgata 8
4360 VARHAUG

Internett:

naring@ha.kommune.no
www.ha.kommune.no

Telefon:
51793124

Telefaks:
51793006

Org.nr:
964 969 590